Fyresdal kommune

Arkiv:	38/133
Saksmappe:	2025/183-128
Saksbeh.:	Mona Gundersen
Dato:	04.11.2026

Saksframlegg

Klage på vedtak 187/26 -

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg
1 Ny behandling - Vedtak endring av rammeløyve gbnr. 38/133-134
2 Tilbakemelding på vedtak nr. 18726.pdf
3 20260812 Klage på delegert vedtak nr. 187-26 Molandsmoen datasenter.pdf
4 Klage 15. august 2026 over kommunens vedtak 8. juli 2026.pdf
5 Klage på vedtak om endring av rammeløyve for gbnr. 38/133 og 134
6 Støyrapport 15.09.2026
7 Fyresdal_View from west
8 20260927 Til Fyresdal kommune - Merknad til klage endring på rammeløve gbnr 38 133-134.pdf
9 Vedlegg 1 - Situasjonsplan Molandsmoen.pdf
10 Endring av rammeløyve for gbnr. 38/133 og 134
11 Brev til Fyresdal kommune 23. oktober 2026. Merknader til kommuens endring av vedtak
12 Merknadarklage på tilbakemelding
13 Supplerande merknad
14 2026-11-02 Merknader til klager på rammetillatelse - Molandsmoen - Innspill fra DLA - V5(10579938.1)

Bakgrunn for saka:
Kommunen fatta i delegert vedtak 187/26 av 08.07.2026 vedtak om endra rammeløyve for oppføring av datasenter på gnr. 38 bnr. 133 og 134 på Molandsmoen.
Vedtaket vart fatta etter at Statsforvaltaren tidlegare hadde oppheva kommunen sitt første vedtak og sendt saka tilbake til ny behandling. Statsforvaltaren peika særleg på behovet for nærare vurderingar av støyforhold, reguleringsføresegnene sine krav til støy og tiltaket sine visuelle kvalitetar.
Etter ny behandling la kommunen mellom anna til grunn oppdaterte faglege støyutgreiingar, ytterlegare vurderingar knytte til tekniske installasjonar og støydempande tiltak samt vurderingar etter plan- og bygningslova § 29-2.

Det er i etterkant kome inn fleire klager frå naboar.

Tiltakshavar har fått høve til å uttale seg til klagene og har sendt inn merknader datert 02.11.2026.

Klagene kan samanfattast i følgjande hovudpunkt:

- kommunen har ikkje følgt opp Statsforvaltaren sitt opphevingsvedtak i tilstrekkeleg grad
- vurderingane av støy er mangelfulle
- støyskjermar og tekniske installasjonar medfører brot på reguleringsplanen sine høgdeavgrensingar
- vurderingane etter plan- og bygningslova § 29-2 om visuelle kvalitetar er mangelfulle
- saka var ikkje tilstrekkeleg opplyst før vedtak vart fatta
- naboane fekk ikkje høve til å uttale seg til nytt grunnlagsmateriale
- samla belastning frå utbygginga er ikkje tilstrekkeleg vurdert
- det er kravd oppsettande verknad.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Kommunen skal etter forvaltningslova § 33 vurdere dei synspunkta som er framførte i klagene og ta stilling til om vedtaket bør endrast eller opphevast.
Spørsmålet er ikkje om det finst motførestillingar mot tiltaket, men om vedtaket byggjer på feil faktum, feil rettsleg grunnlag eller manglar ved saksbehandlinga som kan ha hatt betydning for resultatet.

Støyvurderingar
Fleire av klagarane meiner kommunen ikkje har følgt opp Statsforvaltaren sitt opphevingsvedtak tilstrekkeleg når det gjeld støy.

Kommunen er ikkje samd i dette.
Ved den fornya behandlinga vart det innhenta oppdatert støyfagleg dokumentasjon som særskilt vurderer tiltaket opp mot gjeldande reguleringsføresegner. Kommunen har lagt dokumentasjonen til grunn etter ei sjølvstendig vurdering av om krava i planen er oppfylte. Gjeldande reguleringsplan inneheld eigne støykrav for både anleggsfasen og driftsfasen gjennom føresegner som viser til grenseverdiane i T-1442. Kommunen legg til grunn at vurderingane i støyrapporten er gjennomførte med utgangspunkt i desse krava.
Tiltakshavar har opplyst at endringane mellom tidlegare og seinare støyrapportar skuldast oppdaterte tekniske løysingar, korrigering av tidlegare feil og tilpassingar etter omprosjektering. Kommunen har ikkje motteke fagleg dokumentasjon som tilseier at dei oppdaterte vurderingane er feil.
Når det gjeld framtidig støy frå drifta av anlegget, vil dette også vere gjenstand for vurdering etter forureiningsregelverket. Statsforvaltaren vil som forureiningsstyresmakt kunne stille nærare krav gjennom eiga behandling etter dette regelverket.

Kommunen kan etter dette ikkje sjå at klagene dokumenterer feil ved dei støyfaglege vurderingane som låg til grunn for vedtaket.

Høgde på bygg, støyskjermar og tekniske installasjonar
Klagerane meiner at støyskjermar og tekniske installasjonar må inngå i berekninga av bygga si totale høgd, og at kommunen har tolka reguleringsføresegnene for vidt.

Kommunen vurderte dette konkret i byggesaka.
Etter kommunen si vurdering må dei aktuelle konstruksjonane sjåast som tekniske installasjonar knytte til bygga si drift. Dei er ikkje etablerte for opphald eller anna ordinær bruk, men utgjer funksjonelle delar av dei tekniske anlegga som er nødvendige for drift av datasenteret.
Kommunen opprettheld den forståinga av reguleringsføresegnene som vart lagt til grunn i vedtaket.

Samtidig registrerer kommunen at dette er eit sentralt tolkingstema i klagene, og at det er ulik oppfatning mellom klagarane og kommunen om rekkevidda av planføresegna. Spørsmålet om tekniske installasjonar over maksimal byggehøgd er under nærare avklaring gjennom pågåande reguleringsendringsarbeid.

Kommunen finn likevel ikkje grunnlag for å endre vedtaket på dette punktet.

Visuelle kvalitetar etter plan- og bygningslova § 29-2
Klagerane viser til konsekvensutgreiingar frå planprosessen og meiner at byggehøgdene og støyskjermane vil gi vesentlege negative verknader for landskapsbildet.

Kommunen kan ikkje sjå at dei dokumenta klagarane viser til kan leggjast direkte til grunn for vurderinga av det omsøkte tiltaket. Tiltakshavar har peika på at dei illustrerte utbyggingsalternativa som vart vurderte under planprosessen bygde på ein langt høgare arealutnytting enn den utbygginga som no er omsøkt. Regulert maksimal BYA er 70 %, medan det omsøkte tiltaket utgjer om lag 40,5 % BYA.
Kommunen legg derfor til grunn at vurderingane frå planprosessen må sjåast i lys av dei alternative utbyggingsscenaria som då vart analyserte. Det omsøkte prosjektet avvik vesentleg frå desse i omfang og utnyttingsgrad.
Ved vurderinga etter plan- og bygningslova § 29-2 har kommunen lagt vekt på at tiltaket ligg innanfor eit område regulert til nærings- og industriformål, og at bygga og dei tekniske installasjonane er ein naturleg del av eit moderne datasenter.

Samla verknader og utgreiingsplikt
Statforvaltaren peika ved oppheving av tidlegare vedtak på behovet for ei nærare vurdering av tiltaket sine visuelle kvalitetar.
Ved den nye behandlinga gjennomførte kommunen ei sjølvstendig vurdering etter plan- og bygningslova § 29-2.
Kommunen la vekt på at tiltaket er lokalisert i eit område regulert til nærings- og industriformål der store bygningsvolum må påreknast. Vidare vart det lagt vekt på at dei aktuelle tekniske installasjonane og støydempande konstruksjonane er nødvendige element i eit moderne datasenter.

Klagarane har vist til konsekvensutgreiingar frå reguleringsplanprosessen og meiner desse dokumenterer større landskapsverknader enn det kommunen har lagt til grunn.
Tiltakshavar har peika på at fleire av scenarioa som vart vurderte i planprosessen bygde på ei langt høgare arealutnytting enn det omsøkte tiltaket. Kommunen legg til grunn at desse vurderingane derfor ikkje utan vidare kan overførast til det aktuelle prosjektet.
Det er vidare lagt vekt på at reguleringsplanen opnar for vesentleg høgare samla utnytting av området enn den utbygginga som no er omsøkt.

Etter kommunen si vurdering er krava i plan- og bygningslova § 29-2 oppfylte.

Saksopplysning og kontradiksjon
Det er gjort gjeldande at saka ikkje var tilstrekkeleg opplyst før nytt vedtak vart fatta, og at partane ikkje fekk uttale seg til oppdatert grunnlagsmateriale.

Etter forvaltningslova § 17 skal saka vere så godt opplyst som mogleg før vedtak vert gjort.
Kommunen vurderer at saka var forsvarleg opplyst. Det vart innhenta tilleggsdokumentasjon etter Statsforvaltaren sitt opphevingsvedtak nettopp for å sikre eit betre avgjerdsgrunnlag. Dokumentasjonen omhandla i hovudsak forhold som allereie inngjekk i saka, og kommunen vurderte at saka hadde eit tilstrekkeleg grunnlag for ny avgjerd.

Kommunen kan heller ikkje sjå at eventuelle manglar ved varsling eller kontradiksjon har hatt innverknad på vedtaket sitt innhald, jf. forvaltningslova § 41.

Samla verknader av tiltaket

Fleire av klagarane meiner dei samla konsekvensane av datasenteret, mellombelse anleggsområde og brakkerigg ikkje er tilstrekkeleg vurderte.
Kommunen deler ikkje denne vurderinga.
Reguleringsplanen legg til rette for ei omfattande næringsutbygging, og konsekvensane av slik utbygging vart vurderte gjennom planprosessen. Dei mellombelse anleggsområda og brakkeløysingane er knytte til gjennomføringsfasen og skal avviklast når anleggsarbeida er avslutta.
Kommunen legg til grunn at dei samla verknadene av tiltaket ligg innanfor dei rammene som vart vurderte og aksepterte gjennom reguleringsplanen.

Støy og vibrasjonar i anleggsfasen
Fleire av merknadene gjeld støy, vibrasjonar og andre ulemper under sjølve byggjeperioden.

Kommunen har forståing for at slike arbeid kan opplevast belastande for nærliggande eigedomar.
Spørsmål knytte til den faktiske gjennomføringa av bygge- og anleggsarbeid gjeld i hovudsak oppfølging av vilkår og krav i anleggsfasen, og har avgrensa betydning for vurderinga av om endringsløyvet er lovleg.
Desse forholda kan ved behov følgjast opp gjennom kommunen si tilsynsrolle og gjennom anna relevant regelverk.

Oppsettande verknad
Det er kravd oppsettande verknad etter forvaltningslova § 42.

Kommunen kan ikkje sjå at vilkåra for oppsettande verknad er oppfylte.
Vedtaket gjeld tiltak innanfor eit regulert næringsområde der dei aktuelle forholda i hovudsak knyter seg til vurderingar av støy, byggehøgder og tekniske løysingar. Kommunen legg til grunn at saka ikkje gjeld irreversible inngrep av ein slik karakter at det aleine tilseier utsetjing av iverksettinga. Tiltakshavar har tilsvarande peika på at grunnlaget for oppsettande verknad normalt er sterkast der det ligg føre irreversible inngrep, noko dei meiner ikkje er tilfelle i denne saka.
Kommunen finn etter ei samla vurdering ikkje grunnlag for å gi oppsettande verknad.

Konklusjon:
Kommunen har vurdert alle klagepunkta og dei merknadene som er mottekne frå tiltakshavar. Etter kommunen si vurdering er saka forsvarleg opplyst. Kommunen meiner vurderingane knytte til støy, byggehøgder, tekniske installasjonar, visuelle kvalitetar og samla konsekvensar ligg innanfor dei rammene som følgjer av plan- og bygningslova og gjeldande reguleringsplan.
Det er ikkje kome fram nye opplysningar eller rettslege forhold som gir grunnlag for å omgjere vedtaket om endra rammeløyve.
Kommunedirektøren tilrår derfor at klagene ikkje vert tekne til følgje og at saka vert oversend Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg avgjerd.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Klagene på delegert vedtak 187/26 av 08.07.2026 vert tekne opp til behandling som rettidige etter forvaltningslova § 29.
2. Kommunen finn etter ei samla vurdering ikkje grunnlag for å omgjere vedtaket om endra rammeløyve.
3. Klagene vert ikkje tekne til følgje.
4. Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør